

Søknad om førehandsgodkjenning (S2) eller førehandsløyve for planlagt behandling i eit EØS- land eller Sveits

Gjeld pasientar som har rett til naudsynt helsehjelp i spesialisthelsetenesta, eller pasientar som ikkje har fått naudsynt helsehjelp i Noreg innan medisinsk forsvarleg tid.

På helsenorge.no kan du lese meir om førehandsgodkjenning (S2) eller førehandsløyve for planlagt behandling i utlandet.

1. Opplysningar om søker

Fødselsnummer (11 siffer)	Fornamn, etternamn
Telefonnummer	Postadresse
Statsborgarskap	Postnummer, stad
Behandlingsland	Bustadkommune på behandlingstidspunktet

2. Tilknytning til behandlingslandet

Oppgi talet på veker du har opphalde deg og planlegg å opphalde deg i behandlingslandet:

I år:

I fjor:

Ja Nei

Er du arbeidstakar, sjølvstendig næringsdrivande eller au pair?

Viss ja, i kva land?

Mottar du sjukepengar, dagpengar, foreldrepengar eller arbeidsavklaringspengar frå Noreg?

Mottar du pensjon eller uføretrygd frå Noreg?

Viss ja, tek du imot ein av følgjande pensjonar:

Offentleg AFP

Privat AFP utan uttak av alderspensjon frå folketrygda

Studerer du i eit anna EØS-land?

Viss ja, kva land?

Har du ektefelle eller sambuar busett i behandlingslandet?

Har du barn under 18 år busett i behandlingslandet?

Har du bustad i behandlingslandet?

3. Årsaka til at du ønskjer å motta behandling i utlandet

	Eg ønskjer behandling i utlandet som ikkje finst i Noreg, eller som er meir verknadsfull*
	Eg ønskjer behandling i eit anna EU/EØS-land som er tilsvarande den behandlinga eg kunne fått / har fått tilbod om i Noreg
	Eg ønskjer behandling i eit anna EU/EØS-land eller Sveits fordi eg ikkje har fått behandling innan medisinsk forsvarleg tid i Noreg

*Du må sende søknad til utanlandskontoret i den helseregionen du er busett i.

4. Opplysningar om sjukdom, diagnose og behandling i Noreg

Du må leggje ved dokumentasjon, sjå punkt 7.

Kva behandling eller utgreiing har du fått tilbod om i Noreg?
Kva sjukdom/diagnose ønskjer du behandling eller utgreiing for?

5. Opplysningar om behandling du planlegg i eit anna EØS-land

Du må leggje ved dokumentasjon, sjå punkt 7.

Beskriv behandlinga eller utgreiinga du planlegg i eit anna EØS-land	
Namn på helseinstitusjonen/legespesialisten	
Adresse til helseinstitusjonen/legespesialisten	Land

6. Andre relevante opplysningar om helsetilstanden din

Eventuelle andre forhold ved helsetilstanden din som kan ha betydning for helsehjelpa du skal motteke:
--

7. Dokumentasjon du må leggje ved søknaden*

Vedlagt huk av:	Aktuell dokumentasjon	Vedlegg nr
	Svar frå spesialisthelsetenesta med informasjon om at du har rett til naudsynt spesialisthelseteneste (i form av utgreiing eller behandling)	
	Eit konkret tilbod frå utanlandsk behandlingsinstitusjon med pris og type behandling (må vere på eit skandinavisk språk eller engelsk)	
	Journalar frå eventuell behandling du har hatt i spesialisthelsetenesta	
	Tilvisinga legen din sende til spesialisthelsetenesta	
	Skildring av eventuelle røntgenundersøkingar	
	Eventuelle vedtak frå utanlandskontoret ved ditt regionale helseføretak	

*For at Helfo skal kunne ta stilling til kravet, må dokumentasjonen vere forståeleg for oss. Det betyr at han i utgangspunktet må vere på norsk, dansk, svensk eller engelsk. Du bør derfor prøve å få utferda dokumentasjonen på eit av desse språka. Viss dokumenta ligg føre på eit anna språk, kan Helfo ved behov be deg om å få desse omsett. Du må betale for omsetjinga sjølv. Om du legg ved ei omsetjing, må du også leggje ved originalen.

8. Eventuelle reiseutgifter

Ønskjer du å søkje Pasientreiser om dekning av reiseutgifter? Ja Nei

9. Samtykke og underskrift

Eg samtykkjer til at søknaden, saman med den dokumentasjonen eg har sendt inn, kan bli oversendt til spesialisthelsetenesta dersom Helfo treng bistand til å avgjere om eg har krav på å motta refusjon og kor mykje refusjonen utgjør. Eg samtykkjer også til at Helfo, spesialisthelsetenesta og einingar ved dei regionale helseføretaka kan utveksle relevante helseopplysningar om meg, eller om status i andre søknader, dersom dette er naudsynt for å behandle søknaden min. Ved å underteikne samtykkjer eg i innhenting og bruk av mine helseopplysningar, jf. helseregisterlova og personopplysningslova.	
Eg stadfestar at opplysningane i skjemaet er riktige og fullstendige. Dersom opplysningane endrar seg, må eg kontakte Helfo.	
Dato og stad	Signatur (føresette signerer for barn under 16 år)

Viss du ikkje samtykkjer til å utveksle informasjon mellom Helfo og spesialisthelsetenesta, kan konsekvensen vere at Helfo ikkje kan behandle søknaden din fordi den ikkje er tilstrekkeleg opplyst.